

Fakta om Visningssenteret

- ➔ Visningsløyve Steinvik Fiskefarm i 2007
- ➔ Evigvarande løyve på 500t, eit av dei fyrste i Noreg
- ➔ Sjølve Visningssenteret opna i 2011

Visningssenteret ligg i ei lita bygd, Steinhovden i Høydalsfjord, med Eikefjord (450 innbyggjarar) som næraste tettstad 1,5 mil frå oss. Og 45 min. køyring frå Steinvik ligg Florø (9000 innb.), som er kommunesenteret.

Visningssenteret er ikkje samlokalisert med allereie eksisterande museum, hotell, restaurantar, kafear, andre bedrifter m.m. -slik svært mange visningssenter er. Vi må vera aktive for å få besøkande hit då senteret ligg utanfor allfarveg.

Visningssenteret består av: utstillingar (bilete, filmrom, dataskjermar m.m.), og lokaliteten Steinvik som er landfast der besøkande går rett ut på mærkanten i frå utstillingsbygget. Ein treng ikkje båt. Dersom det ikkje er fisk der, vert besøkande køyrde i båtar ut på ein anna lokalitet i nærleiken.

Vi tilbyr guida visningar. Vi har 1 guide inne som følgjer folk rundt i lokalet og fortel om laks/aure sin syklus frå stamfisk, settefisk til slakteklar fisk, korleis vi driv moderne oppdrett, korleis vi bekjempar lus med produksjon av rensefisk, eksport, bærekraft, miljø og regelverk, og sjølv sagt utdanningsvegar for elevar. Ute på mærkanten har vi 2 guidar som fortel og svarar på spm. Alle besøkande får både guida tur inne og guida tur på mærkanten. Merk: vi legg vekt på å gje ei ærleg omvisning, der det vert fortalt både om nyvinningar, positiv utvikling i oppdrettsbransjen, men også problemstillingar rundt t.d. lakselus.

Alt besøk er gratis, dvs. alle skuleklassar, alle grupper, og besøk og aktivitetar på Open Dag. Det vert ofte spandert mat og drikke. Inntektene kjem frå sal av fisk tilknytta visningsløyvet. I år, som tidlegare år, har vi gjeve betydelege summar i gåver/sponsing. Dette har gått til lag og organisasjonar (helst akt. knytta til barn og unge) i dei 3 kommunane vi har aktivitet i: Kinn, Bremanger og Askvoll. Pengegåver har gått til: idrettslag, fotball/handball/volleyball-lag, korps, mini-kokkar, barnekor, 4H-klubbar, lokale arrangement, grendalag, Team Rynkeby (barnekreftsaken) m.m.

Vi arrangerer **Open Dag** på visningssenteret ein laurdag i mai (kl. 11-17) kvart år. Dette har vi gjort i 10 år, med unntak av covid-åra. I 2024 arrangerte vi Open Dag laurdag 4. mai, med ein del nye ting som: raftingbåtar, redningsselskapet sine båtar, 4H-aktivitetar og korps. Her viser vi fram utstyr, båtar, fisk og andre relaterte ting til oppdrett, i tillegg til sal av grilla laks/aure, redningsselskapet, rib-båt-turar, fiskekonkurransar og quiz. Vi samarbeider tett med skuleklassar, idrettslag og grendalag, som vert sponsa av oss og får alle inntekter frå denne dagen. **Dette er eit familiearrangement, der all inngang og alle aktivitetar er gratis for alle. Besøkstalet denne dagen ligg på ganske jamt kvart år: 1000 besøkande.** Planar om ny Open Dag tidleg i mai-2025.

I 2016 byrja vi å arrangere realfagprosjekt for alle 8. klassar i Flora kommune, som tilsvara 7 parallelle klassar, totalt ca. 210 elevar kvart år. Dette er eit guida opplegg på 1 time inne og 1 time ute, totalt 2 timar pr. klasse. Det har etterkvart blitt fleire og fleire skuleklassar. Dei siste åra har vi tilbydd same opplegget til alle 8.klassar i nabokommunane våre også: Førde, Naustdal, Jølster, Svelgen m.m. Dette tilsvarar ca. 700 elevar. Dei har alt mellom 45 minuttar til 1,5 timar køyreveg kvar veg. Lenger reiseveg enn dette, vert for langt. Elevane frå Svelgen får besøka storsmolt og rensefisk-anlegga i Svelgen. Dette opplegget inkluderer yrkesrettleiing og studievegar. Skulane ynskjer å koma til oss, og gjev gode attendemeldingar for **opplegget**.

Aktivitetsmelding 2025

I 2025 har vi hatt nærare 1000 besøkande på Visningssenteret. Dette året var det ikkje mogleg å arrangera vår tradisjonelle Open Dag i mai. Og dermed vart det mindre besøkstal dette året.

Besøkande tek del i ulike aktivitetar. Alle besøker visningssenteret vårt, men det kan vera dei besøker andre delar av aktiviteten vår også som : lokalitetar , settefiskanlegg, postsmoltanlegg, rensefiskanlegg ,kjøken eller andre tilrettelagde aktivitetar som Open Dag, strandrydde-dag, naturfagopplegg eller aktivitetsdag.

Dei besøkande fordeler seg slik:

- 1.kvartal: 450 stk. Dette er mest skule-elevar, så lokale og familiegrupper.
- 2.kvartal: 260 stk. Framleis mest skule-elevar, så familiegrupper og lokale.
- 3.kvartal: 150 stk. Mest norske turistar, litt interessegrupper og politikarar.
- 4.kvartal: 100 stk. Bedrifter, familiar og lokalbefolkning.

Vi satsar på faste klassesteg kvart år, frå vår kommune og alle nabo-kommunane våre. Vi vil sikra oss at alle ungdomar i vårt nærrområde kjem innom oss. Så dette er den største besøksgruppa vår.

Elles er det ulike interesseorganisasjonar, familiegrupper og norske turistar som besøker oss mest.

Planar for 2026 :

Teikningar og tomt for nytt Visningssenter er klare. Vi avventar styresmaktene sine avgjerder for næringa.

Utbygging og oppgradering av eksisterande Visningssenter skal vera klart til mai-2026.

Ny Open Dag er planlagd 30.mai.

Leiar Steinvik Fiskefarm Visningssenter,
Anne Karin Vassbotten.

Aktivitetismelding 2024

Aktivitet og besøk så langt i år desember-2024: Hittil nærare 2000 besøkande. Skuleklassar ca. 700, Open Dag ca. 1000, og resten utanlandske og norske turistar og ulike grupper som bil/motorsykkel-klubbar, idrettslag, familiegrupper o.l.

Steinvik Fiskefarm har planar om å bygga eit nytt Visningssenter. Dette er ikkje pålagt, men det er ynskjeleg å gjera det større og meir variert. Vi har ofte førespurnad frå turistbussar med 100-200 personar, noko vi ikkje har god nok kapasitet til enno. Vi kan max. ta i mot 50 i slengen.

Det er allereie laga ny tilkomstveg og ny parkeringsplass med asfalt og rekkverk. Tomta er klar og teikningane er laga av arkitektar. Planane er lagt på vent i påvente av kva styresmaktene bestemmer seg for angående visningssentera. I mellomtida tenkjer vi tidleg i 2025 å oppgradera det eksisterande visningssenteret.

Visningskonsesjonane betyr svært mykje for oppdrettsnæringa i Norge både generelt og spes. lokalt. Visningssentera gjev oss ein god moglegheit til å visa fram havbruksnæringa, som kan bidra til å nyansere det til tider negative biletet som blir mala i media.

På visningssenteret vårt ser vi ein heilt klar positiv trend blant dei besøkande. Dei er mykje meir positive dei seinare åra enn tidlegare. Dei set pris på at vi har ei ærleg framstilling på godt og vondt. Dei har høve til å stilla dei spørsmåla dei vil, og vi gjev dei ærlege svar. Dei får også sjå/oppleva den aktiviteten vi har på mærkanten til ei kvar tid, enten det er luseteljing, avlusing eller levering.

Besøkande ser at vi følgjer regelverk, og ser med eigne auge korleis ting føregår- og får eit anna syn på næringa. Media kjemmer gjerne heile næringa under same kam når dei oppdagar noko negativt. Dette synes vi er svært urettvist, då slike hendingar helst er unntaket.

Trenden, blant våre besøkande, er at både vaksne og ungdom/barn generelt, likar laks og et meir laks/aure, og føler den er trygg å eta. Tidlegare fekk vi alltid spm. om antibiotika bruk- noko vi ikkje har brukt på over 20 år. No er dette spm. nesten heilt borte.

Mange tek kontakt og vil besøka oss fordi dei har høyrte så mykje positivt om opplegget og informasjonen vår.

Når det gjeld lokalsamfunnet, betyr ein visningskonsesjon svært mykje. Dette gjev eit ekstra tilbod både i kommunen vår og nabokommunane, spesielt med tanke på skule-elevar. Dei har sjeldan både høve og råd til å besøka ein arbeidsplass. Her får dei koma gratis og læra mykje om Norges nest største eksportnæring, noko dei lærer svært lite om på skulen.

Vi opplever at lokalsamfunna er nysgjerrige og har ei aukande interesse for å koma og sjå, og læra, om korleis vi driv fiskeoppdrett. Innbyggjarane tek ofte kontakt for å få informasjon og avtale besøk. Utan eit visningssenter-tilbod, hadde det vore vanskelegare å tilretteleggja for guida turar sidan ein gjerne ikkje har investert i eigna fasilitetar, infrastruktur, tryggleikstiltak, og

eigne guidar. Dette er heilt naudsynt for å sikra eit godt visningstilbod. Det å vera tilgjengeleg og imøtekomande, er ein sentral del av samfunnskontrakta vår.

Visningssenteret er også ein viktig rekrutteringsarena. For oss som har mange tilsette frå lokalmiljøet og nabokommunane, er det viktig å visa skule-elevane i desse kommunane kva jobbmoglegheiter som finst i denne næringa. Og dermed kva skular/utdanningsvegar næringa har.

Visningssenteret har ei viktig rolle i lokalsamfunna rundt oss, og samarbeidet med desse er også vesentleg for oss. Når vi arrangerer Open Dag kvart år, samarbeider vi med grendalag, idrettslag, skuleklassar og lokale bedrifter. Vi bidreg med støtte til skular, lag og organisasjonar i lokalmiljøet, og dei deltek på ulike måtar under arrangementa våre. Dette samarbeidet gjev oss eit godt forhold til lokalsamfunna og eit positivt rykte for næringa vår.

Slik vi ser det, er visningssentera svært viktige for oppdrettsnæringa i Norge. Ein ting er å vise fram næringa vår for utanlandske turistar, men å gjera næringa tilgjengeleg for nordmenn både lokalt og over heile landet, er kjempeviktig sett i lys av at dette er Norges nest største eksportnæring, og ei næring Norge verkeleg skal satsa på framover!

Leiar Steinvik Fiskefarm Visningssenter,
Anne Karin Vassbotten.